

## **Innspel til Masfjorden kommune si «Kunngjering om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Matre næringsområde» med frist 1. september 2020.**

Som mulig tilbakeflyttar ynskjer eg å sende inn innspel på «Kunngjering om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Matre næringsområde»

Eg har vakse opp på Matre. Dette er ei bygd som alltid kjem til å liggja hjarta mitt nært. Her har eg skapt utallige barndomsminnar i trygge og rolege omgivningar. Eg er no i 20 årene og vurderar kvar eg no skal etablere meg. Eg har alltid vurdert å flytte tilbake til Matre.

Det er no planlagt utbygging av næringsområde/datasenter på Matre. Datasenteret kjem til å vera særskild dominerande då reguleringsplanen tillett ei høgde på opp til 16 meter.

Datasenteret vil og produsere mykje støy og uro. Eg er bekymra for at støyyvurderinga ikkje er tilstrekkeleg. Dersom det vert eit høgare støynivå enn antatt, og det blir plagsomt for innbyggjarane i bygda, vil sentret likevel bli ståande grunna dei store investeringane i prosjektet.

I tillegg til støy frå senteret, er det og anslått ei bygningsperiode på opp mot 10 år.

Byggeperioden omfattar mellom anna omlegging av internt vegsystem, helikopterplass, flytting av brannstasjon, samt bygging av sjølvne datasenteret og tilhøyrande område.

Støyen frå byggeperioden, samt senteret sjølv vil truleg påverka tilbakeflytting til bygda. Eg veit i alle fall at vi ikkje flyttar tilbake til ei bygd som vert anleggsområde i 10 år. Vi er nok fleire om det.

Byggeperioden, samt støy, vil nok ikkje berre påverke tilbakeflytting, men i verstefall og resultere i fråflytting frå bygda. Ønsker kommunen å risikere å øydeleggje bustaden på Matre?

I tillegg til konsekvensar frå auditivt og visuelt støy, fryktar eg at utbygging av datasenteret vil auke sannsynet for utbygging av vindturbinar.

Erfaring viser at slike datasenter ofte legges i områder med planlagt eller utbygd vindkraft. Då BKK er partner i Greenbyte – som legg til rette for datasenteret, er det naturleg å anta at dei vil bruke prosjektet i argumentasjon for eiga vindkraft prosjekt.

Masfjorden kommune har nesten samrøysta stemt NEI til vindindustri. Det er difor urovekkande at ein stiller seg positivt til eit prosjekt som så openlyst vil leggja til rette for utbygging av vindturbinar i fjella som vi så sterkt prøvar å verne om?

Oppmodar dykk til å gjennomfører ei konsekvensutredning av energibehov og moglegheit for konflikt med kommunens vedtak om å seie nei til vindkraft.

Vonar de tar innover dykk konsekvensane utbygginga av Matre næringsområdet kan få for bygda og folket som bur der, og tenker dykk godt om før de tek ei avgjerse.

Mvh.

Anna Midtgård Matre

og Sindre Kvalheim.